


Kultur- og kirkedepartementet  
Postboks8030 Dep

0030 OSLO



Isdalstø 22.03.2007

## **Uttale - "Bibliotekreform 2014"**

Regionrådet Nordhordland IKS er eit samarbeidsorgan for sju kommunar nord for Bergen - og har eit styre som (med eit unntak) er samansett av ordførarane i medlemskommunane.

Det har vore semje i kommunane å formulere ein felles uttale til framlegget til bibliotekreform. Styret i Regionrådet har såleis på sitt møte 20. mars 2007 gjort slikt vedtak i saka:

### **Sak 8/07 Uttale til Bibliotekreform 2014 - (ABM-skrift 30)**

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS meiner det er svært positivt at vi har fått ei utgreiing om bibliotek i Noreg.

Utgreiinga tek for seg aktuelle og viktige sider ved biblioteka si verksemd, og set fokus på område som treng ei reform og ein ny giv.

Styret sluttar seg til følgjande hovudmål for biblioteksektoren 2008 -2014:

- utvikle og tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester
- fremme biblioteka som ressurs for læring og kultur- og litteraturformidling
- styrke og fornye kompetansen i biblioteksektoren
- plassere bibliotekforskning innanfor kulturforskning og andre relevante forskingsprogram.

Regionrådet Nordhordland IKS har i 2006 laga ein bibliotekutviklingsplan der åtte kommunar samarbeider om å utvikle bibliotektenester til befolkninga utan samanslåing, og med full kommunal styring for kvar deltakar. Samarbeidet mellom biblioteka i Nordhordland har utvikla seg frå vellukka prosjekt i 1990/92 til eit godt fungerande samarbeid som framleis er i utvikling.

Biblioteka har ei viktig rolle i sine lokalsamfunn og som deltakarar i det framtidige Noregsbiblioteket.

Prinsippet om kommunalt sjølvstyre og demokrati må liggje til grunn for alt samarbeid.

Bibliotekreform 2014 må ikkje vere til hinder for at lokale planar og initiativ kan gjennomførast.

## **Målområde 1**

### **Innhald og tenester**

Dette punktet omtalar både digitale tenester, nasjonale fellestenester, biblioteket som læringsarena, biblioteket som kultur- og litteraturformidlar, og biblioteka og det fleirkulturelle Noreg. Styret i Regionrådet Nordhordland IKS sluttar seg til synspunkta som kjem fram om dette målområdet.

## **Målområde 2**

### **Noregsbiblioteket – struktur og organisering**

Dette området tek for seg konsoliderte bibliotek, investeringsprogram for biblioteklokale, landsdekkande transportordning, endringar i biblioteklova og opplæringslova, marknadsføring og profilering, kvalitetsheving av verksemda i biblioteka og kompetanseutvikling.

Konsoliderte bibliotek: Utgreiinga peiker på at det i Noreg er mange små bibliotekeningar med lite personale og dårlege opningstider. Dette er rett. Løysinga som det vert peika på er å samle fleire bibliotek til større einingar med eitt hovudbibliotek, filialar og bokbussar. Det vert også peika på at det ikkje må vere mindre enn 6 – 8 årsverk på kvart bibliotek.

**Styret reagerer sterkt på at konsolidering vert halde fram som den einaste løysinga når interkommunale samarbeid vert omtala. Kommunane må ha sjølvråderett til å kunne fremje lokalt tilpassa samarbeidsmodellar for sine bibliotek. Såleis må den nyleg vedtekne regionplanen for bibliotek i Nordhordland verte likestilt med ein konsolideringsmodell.**

Andre tiltak som det er lagt opp til ser ut til å favorisere bibliotek som vert konsoliderte. Her må ordlyden korrigerast til at generelle samarbeidsmodellar vert favoriserte. Faglege nettverk kan byggjast gjennom samarbeidsgrupper og ved bruk av digitale media.

Ein kan oppnå effektive arbeidsmetodar ved at eitt bibliotek i regionen tek ansvar for eitt område og slik deler kompetansen sin med regionen som eining. Bibliotek er, som utgreiinga framhevar, meir enn ei samling bøker/media. Korleis skal den nødvendige rettleiinga av brukarane gå føre seg i t.d. bibliotek i butikk?

Røynsler frå Museumsreforma vert trekte fram som førebilete for ei bibliotekreform.

Kommunane i Nordhordland har nyleg slutta seg til ein konsolideringsmodell for det lokale museumssamarbeidet. Vi vil likevel peike på at museum og bibliotek er ulike både med omsyn til eigarskap, organisering og delvis målsetting. Vi kan derfor ikkje sjå at museumsmodellen utan vidare kan overførast til bibliotek.

Investeringsprogram for biblioteklokale: Dette er eit viktig tiltak for å stimulere til å bygge bibliotek som faktiske møteplassar i lokalsamfunna. Dersom dette berre skal gjelde for konsoliderte bibliotek, meiner vi dette igjen vil favorisere bibliotek i tettbygde strok og ikkje vere eit positivt incitament for lokalsamfunn som treng den vitaliseringa som eit attraktivt bibliotek vil kunne vere.

Landsdekkande transportordning: Erfaringar frå biblioteksamarbeidet i Nordhordland med transportordning, første gong i 2004, viser at slike ordningar mellom bibliotek fremmar samarbeid. Hausten 2006 starta Hordaland fylkesbibliotek ei transportordning mellom biblioteka i Nordhordland og biblioteka i Bergen, og frå januar 2007 med alle biblioteka i Hordaland og ei forgreining til Norsk Bibliotektransport. Dette er eit positivt tiltak som gjev god flyt av litteratur og som vi trur vil vere kostnadseffektivt. Å etablere ei landsdekkande transportordning vil vere med på å utnytte alle bibliotekressursar på ein god måte.

### Endringar i biblioteklova:

Det er viktig å få på plass ei felles biblioteklov slik at alle vert sikra tilgang til landet sine samla bibliotekressursar.

### Profilering av Noregsbiblioteket:

Biblioteka er gjennom Lov om folkebibliotek pålagde å gjere tenestene sine kjende. Det er eit godt tiltak å lage ei felles profilering av biblioteka slik at brukarane kan sjå at biblioteka er eit samanhengande nettverk.

### Evaluering og kvalitetsheving av verksemda i biblioteka:

I dette avsnittet er det vist til dei konsoliderte biblioteka, men det må vere eit mål for alle bibliotek å drive ei kontinuerleg kvalitetsheving og evaluering av verksemda.

## **Målområde 3**

### **Kompetanse og forskning**

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS sluttar seg til reforma sine punkt om kompetanseutviklingsprogram, fagleg utvikling og kunnskapsdeling og bibliotekforskning. Utgreiinga slår fast at : *Bibliotekene må løse sine samfunnsoppgaver gjennom bredere og oppdatert kompetanse*

Og at: *Hvert bibliotek må ha kompetanse tilpasset sine brukergrupper*

### Kompetanseutviklingsprogram:

Dette programmet set først og fremst søkelyset på dei konsoliderte biblioteka og legg tunge oppgåver for kompetanseheving på det regionale bibliotekleddet. For å løyse biblioteka sine samfunnsoppgåver og ha kompetanse som er tilpassa brukergruppene, treng alle bibliotek eit program for kompetanseheving. Det er viktig at slike program vert av ein slik karakter at dei stimulerer til deltaking, men at dei óg har ei ramme som gjer det mogeleg for folk som ikkje bur i sentrale strok å få delta.

Med helsing  
Regionrådet Nordhordland IKS



Eilif M. Berntsen